

KOMMISJONSVEDTAK

2012/EØS/16/27

av 4. september 2006

om klassifisering av visse byggjevarer når det gjeld ytinga deira ved utvendig brannpåverknad (dobbeltsidige, metalldekte sandwich-plater til tak)(*)

[meldt under nummeret K(2006) 3883]

(2006/600/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember
1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter
om byggevarer⁽¹⁾, særleg artikkel 20 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

1) I direktiv 89/106/EØF er det fastsett at det for å ta omsyn til moglege skilnader i vernnivå for byggverk på nasjonalt, regionalt eller lokalt plan kan gjevast høve til å dele kvart grunnleggjande krav inn i ytingsklassar i basisdokumenta. Desse dokumenta er offentleggjorde i «kommisjonsmelding om basisdokumentene til rådsdirektiv 89/106/EØF⁽²⁾».

2) Med omsyn til det grunnleggjande kravet til brannsikring inneheld basisdokument nr. 2 ei rekkje innbyrdes samanhengande tiltak som til saman utgjer ein brannsikringsstrategi som kan setjast i verk på ulike måtar i medlemsstatane.

3) I basisdokument nr. 2 går det fram at eit av tiltaka er å avgrense brann- og røykutviklinga og brann- og røykspreiinga innanfor eit visst område ved at det vert sett grenser for kor mykje byggjevarene kan medverke til at ein brann utviklar seg fullt ut.

4) Avgrensingsgraden kan uttrykkjast berre ved hjelp av ulike nivå for den ytinga som varer har ved brannpåverknad under sluttbruken.

5) Som ei harmonisert løysing vart det vedteke eit klassifiseringssystem ved kommisjonsvedtak 2001/671/EF av 21. august 2001 om gjennomføring av rådsdirektiv 89/106/EØF med omsyn til klassifisering av ytinga til tak og taktekkingsmateriale ved utvendig brannpåverknad⁽³⁾.

6) Når det gjeld visse byggjevarer må den klassifiseringa som er fastsett i vedtak 2001/671/EF, nyttast

7) Ytinga til tak og taktekkingsmateriale ved utvendig brannpåverknad er vorten fastlagd innanfor den klassifiseringa som er fastsett i vedtak 2001/671/EF, og er vorten gjort tilstrekkeleg kjend for brannforskriftsstyresmaktene i medlemsstatane til at ytinga ikkje treng prøvast for denne eigenskapen.

8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste byggeutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Vedlegget inneheld ei oversikt over dei byggjevarene som oppfyller alle krava med omsyn til eigenskapen «yting ved utvendig brannpåverknad» utan at ytterlegare prøving er naudsynt.

Artikkel 2

Dei særskilde klassane som skal nyttast for ulike byggjevarene, og som inngår i den klassifiseringa av utvendig brannpåverknad som er vedteken ved vedtak 2001/671/EF, er fastsette i vedlegget til dette vedtaket.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 244 av 7.9.2006, s. 24, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 9/2008 av 1. februar 2008 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 33, 12.6.2008, s. 14.

(¹) TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

(²) TEF C 62 av 28.2.1994, s. 1.

(³) TEF L 235 av 4.9.2001, s. 20.

Artikkel 3

Der det er relevant skal varene vurderast i høve til sluttbruken.

Artikkel 4

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 4. september 2006.

For Kommissjonen

Günter VERHEUGEN

Visepresident

VEDELEGG

Tabellen i dette vedlegget inneheld ei oversikt over dei byggevarane som oppfyller alle krava med omsyn til eigenskapen «yting ved utvendig brannpåverknad» utan at prøving er naudsynt.

Tabell

KLASSIFISERING AV DOBBELTSIDIGE, METALLDEKTE SANDWICH-PLATER TIL TAK, MED OMSYN TIL YTINGA DEIRA VED UTVENDIG BRANNPÅVERKNAD

Vare ⁽¹⁾	Vareopplysningar	Kjernemateriale med lågaste tettleik	Klasse ⁽²⁾
Sandwich-plater med overflate av stål, rustfritt stål eller aluminium, til tak	I samsvar med EN 14509 ⁽¹⁾	PUR 35 kg/m ³	B _{ROOF} (t1)
		eller MW (lamellar) 80 kg/m ³	B _{ROOF} (t2)
		eller MW (plater i full breidd) 110 kg/m ³	B _{ROOF} (t3)

⁽¹⁾ Plater med profilert ytre overflate i metall som omfattar

- minste tjukkleik på 0,4 mm for overflater av stål og rustfritt stål,
- minste tjukkleik på 0,9 mm for overflater av aluminium,
- ved kvar langsgåande skøyt mellom to plater, ei overlapping av den utvendige overflata av metall som går over toppen og minst 15 mm ned på den motståande sida av toppen, eller ei metallplate som dekkjer toppen av skøyten heilt, eller ein heva metallsaum langs skøyten,
- ved kvar tverrgåande skøyt mellom to plater, ei overlapping av den utvendige overflata av metall på minst 75 mm, eit overflatedekke som vernar mot vêret i form av ein PVC-måling som vert påført flytande og har ein nominell tjukkleik på høgst 0,200 mm i tørr tilstand, ein PCS på høgst 8,0 MJ/m² og ein tørrmasse på høgst 300 g/m², eller eit anna tynt dekke av måling som er lågare enn det som er nemnt ovanfor,
- ein brannmotstandsklasse som er minst D-s3, d0 utan kantvern i samsvar med EN 13501-1.

⁽²⁾ Klasse slik det er fastsett i tabellen i vedlegget til vedtak 2001/671/EF.

Symbol som er nytta: PUR = polyuretan, MW = mineralull, PVC = polyvinylklorid, PCS = brutto varmeverdi